

Budsjettkontroll. Planområde 2 1. tertial

Plan-område	Forbruk lønn pr 30.04.25	Periodisert lønnsbudsjett	Avvik i % lønn	Forbruk totalt pr 30.04.25	Periodisert budsjett totalt	Avvik i % totalt
1 - Sentraladministrasjonen	11 713 969	11 492 876	-1,92 %	15 620 531	15 565 742	-0,35 %
2 - Oppvekst	28 970 836	28 848 296	-0,42 %	31 169 931	31 167 986	-0,01 %
3 - Helse og Omsorg	37 121 090	37 991 311	2,29 %	36 715 738	37 769 671	2,79 %
4 - Plan, Næring og Kultutr	4 418 826	4 690 606	5,79 %	8 130 536	8 651 143	6,02 %
5 - Teknisk	10 779 950	10 798 962	0,18 %	15 558 198	14 314 531	-8,69 %
Totalt alle planområde	93 004 671	93 822 051	0,87 %	107 194 934	107 469 073	0,26 %

Oppvekst ligg pr 30.04 – 25 tett opp til budsjett

Lønn: Samla er det eit overforbruk på om lag kr 117 000, som utgjer 0,4 % på samla lønsbudsjett.

Drift: Driftsbudsjettet har eit underforbruk på om lag på kr 115000. Det medføre at etaten har eit totalt overforbruk på kr 2000,- som utgjer 0,01% av periodisert budsjett.

Avvik :

Avvik	Lukka
8	6

Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.

SJUKEFRÅVÆR:

Fyrste kvartal:

Samla:	7,78 %
Korttid	1,74 %
Langtid:	6.04 %

Det er ein auke i sjukefråværet på om lag 2,32 % frå fjerde kvartal i 2024 til fyrste kvartal 2025. Auke i fråværet er hovudsakleg knytt til langtidsfråvær – sjukmeldingar i barnehage, skule og vaksenopplæringa.

HANDLINGSPROGRAM (status):

Tiltak	Evaluering av tiltak
Rekruttering	Oppvekst har hatt fleire tilsetjingsprosessar i mars/april. Det har vore mange søkjarar på lærarstillingane, men me har ikkje lukkast i å få nok barnehagelærarar. Me manglar

	også styrar i ei av barnehagane og gitarlærer i kulturskulen. Me har totalt 4 tilsette/studentar som tek barnehagelærarstudie på rekrutteringsordning.
Utviklingsarbeid i barnehage og skule	Både skule og barnehage held fram med Kompetanseløftet. Me har vidare fokus på: • Inkluderande praksis og spesialpedagogikk • Laget rundt barnet BTI (betre tverrfagleg innsats) • Intensiv opplæring Fokus på gode barnehage – skulemiljø.
Aktiv og synleg kulturskule	Kulturskulen arbeidar fortsatt for å vera ein synleg og aktiv kulturskule, og for gode samarbeid med andre tenester i kommunen. Samarbeid med grunnskule vart trukket fram på nasjonalt nivå gjennom podkasten "Heia kulturskolen" i mars og foredrag v/Eirik Irgens på Lederkonferansen i april. Vi arbeidar med fornying av kulturskulekonsertar og auka samspel på tvers av fag. Frå januar har vi hatt kulturveke og småtrinnsfest, kulturvandring og kulturskulekonsert, oppretta drama og teater som tilbod, "dans til fest"-kortkurs og ukulelekurs i grunnskulen i Høydalsmo.
Planarbeid	Lokal del i Oppvekstplan er ferdig, og skal opp til politisk behandling i juni. Både skule og barnehage har evaluert: ➤ Trafikksikringsplan, skule og barnehage ➤ Beredskapsplanar, skule og barnehage
Born og Unge	Det er god aktivitet på ungdomsklubben. Sommarskulen blir gjennomført i veke 26. God påmelding. «Buss heim for ein 50 – lapp» er sett opp 3 gonger, vår 2025.